Hjartdal kommune
Samfunnsutvikling

Saksbehandlar:
Helge Bekkhus

Saksnummer:
2025/25- 3

Dato:
22.01.2025

Høyring - Endring av forskrift om minsteareal for elg, hjort og rådyr i Hjartdal kommune frå 2025

Innleiing

Fellingsløyve for elg, hjort og rådyr blir tildela etter areal. Eit vald har eit godkjend areal, og for å regne ut talet på fellingsløyve, blir dette arealet dela på minstearealet for vedkommande art. Forskrift om forvaltning av hjortevilt frå 2016 beskriv minsteareal på føljande måte:

1. Storleiken på det teljande arealet som normalt skal ligge til grunn for kvart fellingsløyve som jaktrettshavarane har krav på.
2. Arealstorleiken på det minste samanhengande området som offentleg mynde kan godkjenne som eit vald.

I forskriftas § 6 gjeng det fram at det er kommunen som fastsett minsteareal for elg, hjort og rådyr i forskrift. Tross for at det som hovudregel skal vere eit minsteareal pr. art, er det opna for at det kan fastsettast forskjellig minsteareal for dei ulike artane og for ulike delar av kommunen. Kommunen har og med bakgrunn i forskriftas § 7 heimel til å avvike det vedtekne minstearealet med inntil 50% opp eller ned. Dette kan berre gjerast i geografisk avgrensa område for ein bestemt tidsperiode. Denne moglegheita skal ikkje brukast over tid, noko som likevel har skjedd i Hjartdal siste 3 – års periode.

Samandrag

Kommunedirektøren i Hjartdal arbeider for tida med å vurdere gjeldande forskrift om minsteareal for hjortevilt. Vedtekne minsteareal er det viktigaste styringsverktøyet når det gjeld bestandsutvikling og forvaltning. **Forslag til minsteareal i Hjartdal er behandla i Utval for plan og utvikling 15/1-2025, sak 2025/25.**

Innstillinga blei einstemmig godkjent.

Forslaget er at areal for rådyr blir uendra, medan areal for elg blir foreslått auka til 6000 dekar og hjort redusert ned til 5000 dekar. Ein kan og tenke seg at ein har ulik minsteareal for kvar art innanfor kommunen, og for Hjartdal sin del er det mest aktuelt for hjorten som samlar seg i flokk og gjer store skader på innmark/ skog og er lokalt utsatt for viltpåkøyrsler. Endringa vil føre til eit minsteareal som er meir i harmoni til kvoter tildelt dei siste årene, samt forventa utvikling av bestanden.

E-post: postmottak@hjartdal.kommune.no
Nettadresse: www.hjartdal.kommune.no
Telefon: 35 02 80 00
Postadresse: Saulandsvegen 414, 3692 Sauland
Organisasjonsnummer: 964 963 649

Oversikt over gjeldande minsteareal og rådmannen sitt forslag til nytt minsteareal:

Minsteareal	Gjeldande	Forslag frå 2025
Rådyr	2000 dekar	2000 dekar
Hjort	7500 dekar	5000 dekar
Elg	4000 dekar	6000 dekar

Vurdering

Minstearealet må sjås i samanheng med kommunale målsetningar for hjortevilt dei siste 2 periodane 2019-2021 og 2022-2024. Det beste ville vore å vurdere og eventuelt endre minstearealet samstundes med utarbeiding av målsettingane 2025-2027, men dette lar seg ikkje gjere i forhold til fastsette tidsfristar i Forskrift om forvaltning av hjortevilt og praktisk gjennomføring med tanke på godkjenning i Utval for plan og utvikling.

Hovudmålet med endringa er ein skaffar seg handlingsrom med bakgrunn i § 7 i Hjorteviltforskiften, såkalla - 50 % regelen om forutsetningane på stamme, beitegrunnlag, beiteskadar og viltulykker på veg skulle endre seg

Gjeldande minsteareal for elg, hjort og rådyr ble vedtatt i 2018. Bestanden av dei ulike artane har vore i utvikling gjennom dei siste åra. Det er behov for å endre minstearealet for hjortevilt, slik at dei blir meir i tråd med gjeldande bestand og vedtekne målsettingar om bestandsutvikling dei neste åra. I tillegg bør vedtekne minsteareal vere i tråd med forskriftas formål og innafor fastsette rammar og ikkje utløse § 7 jamleg. Elg, rådyr og hjort forvaltast av 8 vald med 31 jaktlag.

Fellingsløyve kan sendast ut som direkte tildeling kvart år (hjort og rådyr p.t) eller som bestandsplan (elg p.t) for inntil 5 år. Hjartdal har hatt planperiode på 3 år heilt sidan oppstart i 2019. Bestandsplan gjev ein større fleksibilitet i årleg avskyting, men prosentvis fordeling mellom alder og kjønn på felte dyr må stemme ved planperiodens slutt.

Elg

Dagens minsteareal for elg er 4.000 daa. Det blei endre sist i 2018, da med ein auke frå 3000 daa. Moglegheita for å avvike dagens minsteareal med bruk av § 7 i hjorteviltforskrifta har vært bruka flittig bruka, slik at det i praksis har blitt tildelt løyver med 6.000 daa som grunnlag dei siste 3 åra. To vald er tildelt på 7000 dekar som minsteareal. Tildelt kvote for elg har ikkje blitt felt på mange år og i perioden 2019 - 2023 blei i snitt 77 % av tildelte dyr felt.

Det er ingen eller få tilbakemeldingar om at det er beiteskadar på ut- og innmark i områdane som har høgast tetthet. Imidlertid vil alltid elgen trekke til vinterbeiteområder, og her kan det oppstå lokale beiteskader. Elgen samler seg mindre grad i flokk enn hjort, og derfor blir beitetrykk ofte fordelt over større område, sjølv på vinteren. Antall elg registrert i viltulykker på veg er relativ liten. Frå august 2023 fram til desember 2024 var totalt antall registrert påkjørsler på hjortevilt som vist i tabell under:

Art	Antall
Elg	5
Hjort	14
Rådyr	35
SUM	54

Utfall av påkjørsel er varierende, ofte død på staden for rådyr. Ved ettersøk på elg og hjort blir ettersøk ofte avslutta med ukjent utfall/antatt uskadd.

Med bakgrunn i dagens stamme og kondisjon, og for å ha eit framtidig handlingsrom med lokal bruk av 50 % +/- fråvik på minsteareal i ein begrensa periode bør minsteareal på elg opp det arealet som blir praktisert i dag MED bruk av §7.

Hjort

Dagens minsteareal for hjort er 7.500 daa. Det ble endra i 2018, da med ein nedgang frå 10.000 daa. Tettleik av hjort i kommunen er svært forskjellig. Enkelte områder har betydelig med hjort, mens i andre områder er hjorten nesten fråværande.

Dei områda med stor høgast tetthet har store beiteskader på innmark og skog. Samtidig er antall hjort som blir registrert påkjørt høgare enn for elg i same periode som nevnt over.

Bruk av forskrift for at minstearealet kan fråvike inntil 50 % i tidsavgrensa periodar, og har blitt bruka nedover på 1-2 vald dei siste 3 åra. Heilt ned i 3.750 dekar som minsteareal. Det er motsett av bruken på elg.

Årsaka er at desse valda ligg i område med lokale store beiteproblem og brorparten av viltulykker på veg. Samtid fyller dei kvota nær 100 %.

Av samla tildelt kvote for hjort i heile kommunen i perioden 2019 - 2023 blei i snitt 38 % av tildelte dyr felt.

Med bakgrunn i dagens stamme og kondisjon, og for å ha eit framtidig handlingsrom med lokal bruk av 50 % +/- fråvik på minsteareal i ein begrensa periode bør minsteareal på hjort ned til 5000 dekar. NB! Det er og mogleg i forskrift om minsteareal med ulik minsteareal for same viltart ulike stadar i kommunen.

Rådyr

Dagens minsteareal for rådyr er 2.000 daa, og har blitt lagt til grunn for fellingsløyve tildelt alle valda. Om vi ser på antall felte rådyr så har det i 2022 og 2023 blitt felt til saman 31 dyr. Det gjev fellingsprosent under 10 %.

Det er generelt liten interesse for rådyrjakt i kommunen, og saman med kulde/snømengde og rovdyr blir det usikre tall på rådyr. Ein kan og tenke seg mørketall, at det ikkje blir rapportert alt som blir felt, men det heller uvisst.

Med usikre kriterier for stamme og variasjon på forutsetninger over tid foreslåes at minsteareal forblir uendra.

Hjartdal kommune
Samfunnsutvikling

Saksbehandlar:
Helge Bekkhus

Saksnummer:
2025/25- 3

Dato:
22.01.2025

Oppsummering

Rådmannen sitt forslag til endring av minsteareal for elg, hjort og rådyr vil ikkje føre til store endringar i bestanda eller forvaltninga. Dei siste års tildeling av elg, hjort og rådyr vil i stor grad kunne oppretthaldast. Dei føreslått endringane er med på å sikre ei heil og forsvarleg forvaltning av viltbestanden i kommunen. Ein høyringsprosess kan gje nye og gode innspel til endringar i vidare saksgang og endeleg resultat

Oversikt over gjeldande minsteareal og rådmannen sitt forslag til nytt minsteareal:

Minsteareal	Gjeldande	Forslag
Rådyr	2000 dekar	2000 dekar
Hjort	7500 dekar	5000 dekar
Elg	4000 dekar	6000 dekar

Grunna vidare sakshandsaming er det satt ei relativt kort svarfrist.

Svarfrist på høyring er satt til 16. februar 2025.

Innspel til høyringa sendast anten på e-post til: postmottak@hjartdal.kommune.no eller på post til: Hjartdal kommune, Saulandsvegen 414, 3692 SAULAND.

Mvh

Helge Bekkhus

Samfunnsutviklar – skog/næring

Hjartdal kommune